

Årsrapport og årsregnskap 2024

Klepp kommune



Innstilling til vedtak

INNSTILLING:

Kommunedirektøren sender saka går til formannskapet og kommunestyret med slik forslag til vedtak:

1. Rekneskap og årsrapport 2024 blir godkjent.
2. Finansrapport 2024 blir godkjent.
3. Rebusjettering blir godkjent i samsvar med vedlegg.
4. Låneopptak til ordinære investeringar i 2025 blir som følge av rebudsjettering og ubrukte lånemiddel nedjustert frå 315 280 200 kroner til 309 380 000 kroner.

Bakgrunn for saka

Rekneskap og årsmelding for 2024 vert lagt fram til godkjenning i samsvar med [kommunelova § 14-3, 2 ledd](#). Formannskapet innstiller til kommunestyret. Kontrollutvalet gir uttale som vert ettersendt til møtet i formannskapet. Dei andre utvala får rekneskap og årsrapporten til informasjon og drøfting i eiga sak. Finansrapporten vert lagt fram i samsvar med [kommunelova § 14-13, 4 ledd](#).

I samsvar med rettleiar H-2270 B vert det lagt fram sak om rebudsjettering av ubrukte løyvingar til investeringar frå 2024 til 2025.

Rebudsjettering vert gjort når det er endra økonomisk framdrift i investeringsprosjekta og det er behov for middel til vidare-/sluttføring, eventuelt trekka inn av tilgjengelege løyvingar i 2025 for å finansiera meirforbruk i 2024. Rebudsjetteringa er i samsvar med tala i årsrapporten. I vedlegget er det tatt med prosjekter med forslag til rebudsjettering. For status og kommentar til dei enkelte investeringane vert det vist til årsrapporten for 2024.

Saksopplysningar

Driftsrekneskapen for 2024 har følgande hovudtal:

- Driftsinntekter 2 015 mill. kroner
- Driftsutgifter 1 983 mill. kroner
- Netto finansutgifter 54 mill. kroner
- Netto driftsresultat 71,2 mill. kroner
- Det vart gjennomført strykning av bruk av disposisjonsfond på 28 mill. kroner i tråd med [årsrekneskapsforskrifta § 4-2](#).

Investeringsrekneskapen hadde følgjande hovudtal:

- Investeringsutgifter 465 mill. kroner
- Investeringsinntekter 419 mill. kroner

- Vidareutlån og bruk av lån til vidareutlån 4,6 mill. kroner
- Overført frå drift til finansiering var på 47,3 mill. kroner
- Det var bokført 315,1 mill. kroner i bruk av lån.
- På grunn av stort mindreforbruk på investeringar måtte me stryka 23,0 mill. kroner i bruk av lån i tråd med [regnskapsforskrifta §4-6](#). Ubrukt del av lån står som ubrukte lånemiddel i balansen og som innskot i bank. Midla vert brukt til rebudsjettering frå 2024 til 2025 og redusert låneopptak i 2025.

Økonomiske konsekvensar

Rebudsjettering av investeringar

Investeringsprosjekta som hadde mindreforbruk i 2024, hovedsakleg på grunn av forseinka framdrift må rebudsjetterast for fullføring i 2025. Det er nokre unntak:

- Det er behov for auka kostnadsramme til rehabilitering av terapibassenget på Sirkelen, [sjå fsak 13/25](#). Det er anslått at rehabilitering av terapibassenget nå vil koma på 9,8 mill. kroner inkludert meirverdiavgift.
- Prosjekt med mindreforbruk som ikkje vert rebudsjettert er blant anna Kleppelunden skule (7,2 mill. kroner), Sporafjell barnehage (2,0 mill. kroner), ringveg Sporafjell (1,3 mill. kroner) og ombygging Rognevegen (1,6 mill. kroner). Desse prosjekta er ferdigstilte og har ikkje behov for rebudsjettering.

Utover dette foreslår me å rebudsjettera investeringsprosjekta i tråd med mindreforbruket eller meirforbruket i 2024. [Fullstendig oversikt \(lenke\)](#).

Hovedtala i rebudsjetteringa er som følgjer:

Rebudsjettering samla og finansiering	Beløp kr
Utgifter rebudsjettert til 2025	18 840 000
Auka budsjettramme basseng Sirkelen	1 382 000
Rebudsjettert salgsinntekt	-1 089 000
Rebudsjettert tilskot	1 277 000
Netto rebudsjettering	20 410 000
Momskomp på rebudsjetteringer	-3 342 600
Bruk av lån rebudsjettert	-17 067 400
Sum finansiering	-20 410 000

Det er ubrukte lån på om lag 23 mill. kroner fra 2024. Dette vert nytta til auka bruk av lån på rebudsjetteringer til 2025, og til å redusera årets låneopptak i 2025.

Formål	Beløp
Vedteke bruk av lån 2025	315 280 200
Bruk av lån til rebudsjetteringer	17 067 400
Nytt budsjett for bruk av lån 2025	332 347 600
Vedteke låneopptak 2025	315 280 200
Rest ubrukte lånemidler frå 2024	-5 900 200
Justert låneopptak 2025	309 380 000

Kommunedirektøren si vurdering

2024 vart eit godt år for Klepp, men mange andre kommunar har vesentleg dårlegare resultat. Klepp er på «grønt» nivå og betre enn målsettingane på alle indikatorane. Drifta er nøktern og effektiv. Dette er viktig i møte med det som er varsla som strammare tider framover. Me ser likevel at tenestene er under press, og at forventningsgapet mellom det kommunen kan levera og det innbyggjarane ønskjer aukar.

Akkumulert premieavvik auka frå 188 til 202 mill. kroner i 2024. Pensjonsfondet i er på 126,8 mill. kroner. Underdekninga på premieavviket sett opp mot pensjonsfondet er på 75,4 mill. kroner. Klepp kommune burde sett av deler av mindreforbruket i 2024 blir overført til pensjonsfondet, for å redusera underdekninga. I og med at det generelle disposisjonsfondet alt er svekka med 68,2 mill. kroner i 2024 og av vedtak i HØP 2025-2028, ser ikkje kommunedirektøren at det er rom for ei slik styrking.

Kommunedirektøren har gått gjennom prosjekta og foreslår rebudsjettering i samsvar med vedlegg. Kommenterar til det enkelte prosjekt går fram i årsrapporten.

Innleiing

Denne sida inneheld årsrapport og rekneskap for Klepp kommune i 2024. "Årsberetning" etter krava i kommunelova §14-7 er integrert i årsrapporten. Bokstav a og b om den økonomiske stillinga og budsjettavvik er kommentert i punkta om oppfølging handlingsregler, sentrale inntekter og utgifter, investeringar og tenesteområda. Måloppnåinga (punkt c) er omtala i tekstane om tenesteområda. Høg etisk standard og likestilling (punkt d-f) er omtala under punktet personal og organisasjon.

Kommunedirektøren si oppsummering

Sterk økonomisk styring og positive resultat i 2024

Klepp kommune har i 2024 levert nok eit godt resultat. Dette er naudsynt for å unngå å lånefinansiera for stor del av dei store investeringane me er i ferd med å ta i Klepp sentrum. Kommunen blir driven godt med dei strame økonomiske rammene me har. Inntektene våre er under landsgjennomsnittet. I tenestene er handlingsrommet stramt og forventningsgapet mellom dei tenestene me kan levera og det innbyggjarar, politikarar og tilsette forventar er aukande.

Betre tenestekvalitet i helse

Innan helse og velferd ser me at fleire eldre over 80 år er sjølvhjulpne og bur heime lenger. Arbeidet med TØRN (nasjonalt omstillingsarbeid innan helse og velferd, sjå nærare beskriving under helse og velferd) har i 2024 gitt betre tenestekvalitet, og meir forutsigbar bemanning gjennom ny oppgåvefordeling, kompetanseheving og nye arbeidstidsordningar. Me har styrkt samarbeidet om legevakt på Jæren med planlagt felles sommar drift for Klepp og Hå.

Endringsdyktig leiarskap i barn og unge

Innan barn og unge har me møtt oppvekstreforma med endringsdyktig leiarskap. Tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og koordinering av tenester er styrka gjennom samlokalisering av einingar for barn og unge på Horpestad, velfungerande ressursteam på skulane og eit tettare samarbeid med foreldre og lokalsamfunnet elles. I skulen er det færre vedtak om spesialundervisning og me har etablert nye tiltak (God start) som sikrar tidleg hjelp til nybakte foreldre.

Prisvinnande økonomistyring

[I desember 2024 vart Klepp sin handlings- og økonomiplan for 2025-2028 tildelt Framsikt sin fagpris for beste handlings- og økonomiplan](#) i konkurranse med 230 andre kommunar. Prisen blir delt ut til den kommunen som legg best til rette for god økonomistyring og rette prioriteringar over tid. Det er ei stor anerkjenning av arbeidet vårt for å få til god styring.

[Agenda kaupang kåra i 2024 Klepp kommune til den åttande best styrte kommunen i Noreg](#). Me kom på tredjeplass på kostnadsindeksen og sjetteplass i effektivitet i same undersøking. Dette tyder at me i Klepp får mykje ut av inntektene våre. Me har låge inntekter og må prioritera strengt, men har betre kvalitet enn gjennomsnittet på alle dei målte områda utanom eitt.

Vekst og utvikling

I Klepp sentrum skjer det store ting. Prosjektet kulturhuset Plogen, nytt rådhus og ny kyrkje har hatt god framdrift i 2024, og me er stolte av at me har kunna redusera den økonomiske ramma for prosjektet med 46 mill. kroner i 2024. Aktivitetsparken og opning av Kvernbekken har kome langt, og skal opnast i juni 2025. Me gler oss til å fylla sentrum med folk og aktivitetar etter kvart som dei ulike prosjekta blir ferdige.

Folketalet i Klepp auka med 286 personar til totalt 21 186 innbyggjarar. Ei auke på 1,4%, som er om lag det dobbelte av målet i kommuneplanen. Klepp tok imot og busette 110 flyktningar i 2024. Over 40% av flyktningane er i arbeid. Det er låg arbeidsløyse i kommunen, 1,4 % i Klepp, samanlikna med 1,8 % i Rogaland og 2,6 % i Noreg. Dette indikerer god fart i næringslivet i regionen.

Dyktige medarbeidarar og leiarar

Leiarar og medarbeidarar i kommunen står på kvar dag for å levere gode teneste. Når me saman klarar å gjere dette innafor dei stramme økonomiske rammene me har, skal me vera stolte. Eg vil retta ein stor takk til kvar enkelt medarbeidar.

Godt økonomisk resultat

Klepp kommune legg fram rekneskapen for 2024 med eit netto driftsresultat på 3,5 %, som er betre enn dei 2,4 % som HØP 2024-2027 la opp til. Mindreforbruk i drift på 28 mill. kroner er tilbakeført til ulike disposisjonsfond. Det er blanda drops i det økonomiske resultatet blant nabokommunane våre. På landsbasis rapporterer KS om at gjennomsnittleg netto driftsresultat i kommunane i landet som heilheilt er minus 0,4 %. 58 % av kommunane rapporterer om negative netto driftsresultat.

Klepp har ikkje hatt den same skattesvikten som gjennomsnittet av kommunane i landet har hatt. Høgare finansinntekter enn budsjettet og ekstra rammetilskot som regjeringa bevilga i desember 2024 er hovudårsakene til at driftsresultatet vart høgare enn budsjettet.

Meirforbruk på 1 %

Tenestekområda gjekk med eit meirforbruk på 1 % tilsvarande 14 mill. kroner. Dersom ein ser bort frå vatn, avløp og renovasjon, som er gebyrfinansiert, er avviket 9,3 mill. kroner. 7,8 mill. kroner av avviket er dekt inn ved bruk av eigne disposisjonsfond. Det er meirforbruk og press på sentrale områder som miljøteneste, BPA og grunnskule.

Oppfølginga av investeringar har vore god i 2024, og ubrukte lånemidlar til ordinære investeringar har blitt redusert frå over 200 mill. kroner til 26,7 mill. kroner.

For meir analyse av det økonomiske resultatet kan de lesa kapittel om sentrale inntekter og utgifter og omtale av tenestekområda.

Utfordringar med auka sjukefråvær

Sjukefråværet i Klepp auka frå 7,4 % i 2023 til 8,2 % i 2024. Dette er alt for høgt, og det er i helse og velferd sjukefråværet er høgast. Det er behov for nytenking i arbeidet for å auka nærværet på arbeid.

I enkelte deler av organisasjonen er sjukefråværet no så høgt at det er i ferd med å bli vanskeleg å levera dei tenestene me skal. Berre i helse og velferd vart det brukt 46 mill. kroner til vikarinnleige. Me må finna nye verktøy og tenkja kreativt, for det er openbart at det arbeidet me gjer for oppfølging av sjukefråvæer ikkje verkar godt nok.

Framover reknar me med at fødselsoverskot og netto innflytting vil halda fram. Det er eit stort sprik mellom ønska vekst på 0,7 % og den reelle utviklinga ein nå ser.

Fokus på beredskap

Den spente situasjonen i verda med både krig og utfordringar med tollkrigen som seglar opp, gjer at framtida er meir uviss enn på lenge. Dette har medført at fokuset på beredskap har auka i Klepp kommune, og dette vil me måtta prioritera endå meir i tida framover. Samstundes vil Noreg måtta bruka store summar på beredskap, opprusting og støtte til Ukraina, noko som vil medføra at det blir vanskeleg å auka bevilgningane til kommunesektoren i åra framover.

Framtidige utfordringar og mogleikar

Sterk vekst i helsetenester til yngre, befolkningsvekst i dei eldre gruppene og utfordringar med å rekruttere kvalifiserte tilsette vert ei vesentleg utfordring dei neste åra. Me må både ta i bruk teknologi i større grad, og arbeida med å avklara forventningsgapet mellom innbyggjarar, politikarar og medarbeidarar og det som er mogleg å levera av tenester i framtida. Klepp kommune har rusta økonomien for å ta imot fleire eldre. Rekruttering av medarbeidarar med rett kompetanse og forventningsgapet vil bli den største utfordringa vår.

Nytt kultursentrum!

Eg gler meg til Klepp i åra framover skal ta i bruk aktivitetsparken, Plogen kulturhus og nytt rådhus, med nye funksjonar og rom for eit aktivt kultur- og foreiningsliv for alle.

Visjonar, verdier og kommuneplanen sine målsettingar

Visjon og verdier

Vår visjon: Med blikk for alle

Verdiar:

- Me tar i eit tak
Me viser handlekraft og innsatsvilje og saman får me ting gjort.
- Me bryr oss
Me viser omsorg for kvarandre, og for miljøet kring oss. Ingenting er viktigare enn generasjonane som kjem.
- Me tenker fritt
Me vågar å tenka stort og fritt saman.

Status overordna mål

Målsettingar

- I Klepp er landbruksjord og natur høgt verdsette ressursar me tek vare på
- I Klepp har innbyggjarane like muligheiter og me har blikk for alle.
- I Klepp har me ein sunn økonomi som sikrar handlingsrom
- I Klepp har me inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn
- I Klepp har me læring heile livet, med særleg blikk for barn og unge
- I Klepp tar innbyggjarane ansvar for eiga helse, er aktive og kjenner seg trygge

Mål

Slik vil me ha det Slik vil me ha det

I Klepp er landbruksjord og natur høgt verdsette ressursar me tek vare på	I Klepp er landbruksareala brukt til variert, miljøvenleg og effektiv matproduksjon
	I Klepp har me eit landbruk som tek vare på klimaet og naturmiljøet
	I Klepp tek me vare på kulturlandskapet som kjelde til produksjon og rekreasjon
I Klepp har innbyggjarane like muligheiter og me har blikk for alle.	I Klepp er det bustadsosiale arbeidet samordna og heilskapleg

**Slik vil me
ha det**

Slik vil me ha det

I Klepp er det
tilstrekkeleg eigna
bustader til
vanskelegstilte

I Klepp er vi opne for
nye og innovative
løysingar i samarbeid
med andre

I Klepp får innbyggjarar
teneste på rett nivå og i
rett omfang

I Klepp har du som
innbyggjar,
næringsdrivande og
tilsett digitalt førsteval

I Klepp har me ein
diffrensiert
bustadportefølje som
dekker dei ulike trinna i
innsatstrappa

I Klepp har me
samanhengande
tenester

I Klepp har me system
for ei heilskapleg
ivaretaking av
pårørande

I Klepp har me tenester
av høg kvalitet der
tilsette har
handlingskompetanse.

I Klepp jobbar vi
smartare

I Klepp kan pårørande
leve gode eigne liv og
kombinere
pårøranderolla med
utdanning og arbeid.

I Klepp legg vi til rette
for digital kompetanse
hjá innbyggjarane og
tilsette

I Klepp skal alle bu trygt
og godt

I Klepp skal flest mogleg
eiga sin bustad

I Klepp skal vaksne
personar ha
omsorgsansvar for
familiemedlemmar, det
er ikkje barn si oppgåve

I Klepp verdset me
pårørande som ein
ressurs

Tidleg og rett hjelp skal
vera førande for alt
arbeid.

Slik vil me ha det	Slik vil me ha det
	Tidleg og rett hjelp skal vere førande for alt arbeid.
I Klepp har me ein sunn økonomi som sikrar handlingsrom	Disposisjonsfonda skal vera meir enn 7,5 % av driftsinntektene
	Lånegjelda skal vera mindre enn 65 % av driftsinntektene
	Mindre enn 70 % av investeringane vert finansiert med lån
	Netto driftsresultat på minst 1,75 % av driftsinntektene
I Klepp har me inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn	Eldre er fysisk aktive
	Eldre har digital kompetanse
	Eldre har gode moglegheiter for å bidra aktivt i samfunnet
	Eldre har moglegheit for å blir høyrte i samskapsprosessa
	Eldre skal vere aktive og inkludert i samfunnet uavhengig av om dei kan køyre bil
	I Klepp har me gode bumiljø i tettstadane der det er lett å gjennomføre gjeremål utan bil
	I Klepp blir historia om kystkultur nytta som grunnlag for kultursatsing, og profilering av kommunen
	I Klepp blir krigsminne tatt vare på og tilrettelagte t.d., gjennom avtalar med grunneigarar i samband med turstiar, eller for undervisning/reiseliv
	I Klepp blir lokale energiressursar utvikla og brukt
	I Klepp blir steingardar, geilar, tun, landskap, omgjevnader, verdifull

Slik vil me
ha det

Slik vil me ha det

vegetasjon teke omsyn
til og verna for ettertida

I Klepp driv me aktiv
kulturformidling og
mangfald av
kulturopplevingar

I Klepp er dei
automatisk freda
kulturminna gjort
tilgjengelege og godt
skjøtta

I Klepp er den
immaterielle kulturarva
tatt vare på og gjort
kjent

I Klepp er det trygt og
godt for barn og unge å
vekse opp.

I Klepp er immateriell
kulturarv godt kjent og
verdsett

I Klepp er
innbyggjarane stolte
over landbruksnæringa

I Klepp er krigsminne
tatt vare på og gjort
kjent

I Klepp er kystkulturen
gjort kjent

I Klepp har dei
kommunale bygga godt
innemiljø

I Klepp har me
attraktive kulturarenaer
og funksjonelle lokale

I Klepp har me
bustadnære og varierte
grøntområde

I Klepp har me effektive
kommunale bygg med
materiale som har lågt
klimagassutslepp, lågt
energibruk og lang
levetid

I Klepp har me ein god
og variert bruksstruktur

I Klepp har me gjort det
lettare å ta klimariktige
val

I Klepp har me godt
samarbeid med
grunneigarar,
faginstansar, historielag
og andre aktuelle miljø
for å sikra tilgjenge,
kunnskap og forståing
av kulturminna og deira
verdi

**Slik vil me
ha det**

Slik vil me ha det

I Klepp har me høg
frivillig verdiskaping

I Klepp har me kultur
for alle

I Klepp har me redusert
klimagassutsleppa ved
nybygg og drift av
formålsbygg

I Klepp har me tatt vare
på eit representativt
utval bygg frå ulike tids-
og stilepokar

I Klepp har me tatt vare
på eit utval
kulturlandskap og
kulturlandskapselement

I Klepp har me vekst i
kultur- næringsutvikling

I Klepp har me
verdibevarande drift og
vedlikehald

I Klepp kjøper me varer
og tenester med lågt
klimagassutslepp og låg
miljøbelastning

I Klepp ligg alle bygg
som kommunen eig
eller leiger under
tiltaksgrensa for radon

I Klepp og Time er eldre
fysisk aktive og
inkluderte i samfunnet,
uavhengig av
mobilitetsevne.

I Klepp og Time har
eldre gode
moglegheiter for å
bidra aktivt i
samfunnet, delta i
kulturlivet og vere del
av eit inkluderande
lokalmiljø.

I Klepp og Time har
eldre har digital
kompetanse og
moglegheit for å blir
høyrte i
samskapingsprosessar.

I Klepp og Time vert det
teke omsyn til
universell utforming i
kommunal planlegging
og gjennomføring i alle
verksemdsområde.

I Klepp skal all
avløpshandtering vera
robust og miljøvenleg

**Slik vil me
ha det**

Slik vil me ha det

I Klepp skal det vera trygt og godt for barn og unge å vekse opp.

I Klepp skal forureina massar handterast på ein miljøriktig måte

I Klepp skal innbyggjarane i kommunen kjenna til korleis dei kan gå fram for å undersøke radonnivå i bustaden

I Klepp skal klimagassutsleppa vera reduserte med 40% innan 2030

I Klepp skal me levera nok og trygt drikkevatn

I Klepp skal overvasshandteringa vera på ein slik måte at ein førebyggjer skader på offentleg infrastruktur, bygg, helse og miljø

I Klepp tar me vare på eit representativt utval verneverdige bygg og omgjevnader frå ulike tids- og stilepokar for framtida

I Klepp vert alle barn og unge involvert, spurt, lytta til og tatt på alvor som aktive bidragsytarar i eigen kvardag.

Kommunane er demensvennlege samfunn

Lokalmiljøet skal vera inkluderande for alle aldersgrupper

Universell utforming blir teke omsyn til i kommunal planlegging og gjennomføring i alle verksemdsområde i kommunen

**I Klepp har
me læring
heile livet,
med særleg
blikk for barn
og unge**

I barnehagen skal barn oppleve og gjera erfaringar med ikt som kjelde til leik, undring og utforsking

I Klepp skal barn og unge veksa opp med trygge og autoritative vaksne rundt seg.

Slik vil me ha det

Slik vil me ha det

I Klepp vekst barn og unge opp med trygge autoritative vaksne.

I skulen skal elevane læra å bruka digitale verktøy, media og ressursar for å løysa teoretiske og praktiske oppgåver, innhenta og behandla informasjon, utvikla kreativitet, skapa digitale produkt og kommunisera med andre

Sikra god samanheng og overgangar for barn og elevar i barnehagen og grunnskulen

Sikra samanheng og heilskap i læringsinnhaldet til barn/unge, både fagleg og sosialt

I Klepp tar innbyggjarane ansvar for eiga helse, er aktive og kjenner seg trygge

I Klepp bur eldre lengst mogleg heime

I Klepp deltek flest mogeleg i organisert idrett lengst mogeleg

I Klepp er barn og unge fysisk aktive i minst 60 minutt og vaksne i minst 30 minutt kvar dag

I Klepp er det lett for alle å drive friluftsliv

I Klepp er flest mogleg aktive i idrettslag lengst mogleg

I Klepp er langtidsplass på sjukeheim til dei mest pleietrengande

I Klepp er me fleksible og kan tilpassa oss til brukaren sine behov

I Klepp ferdast trafikantane trygt

I Klepp får innbyggjarar høve til å oppretthalda og auka sitt funksjonsnivå

I Klepp får innbyggjarar teneste på rett nivå og i rett omfang

**Slik vil me
ha det**

Slik vil me ha det

I Klepp har me
samanhengande og
koordinerte tenester

I Klepp sikrar me lett
tilgjengelege
nærrområde for
friluftsliv

I Klepp skal alle
innbyggjarar ha
moglegheit til å vera
aktive i eigen kvardag


Oppfølging handlingsregler

Kommentarar måltal

Klepp kommune har vedteke målsetningar for fire økonomiske måltal, som me måler den økonomiske utviklinga etter. For 2024 ligg me godt innanfor målsetningane våre på alle måltala.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at løpande utgifter er trekt frå. I tillegg til inntekter og utgifter knytt til den ordinære drifta, inngår og finansinntekter- og utgifter. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsetjast til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på den økonomiske handlefridommen til kommunen.



Netto driftsresultat vart på 3,5 % av driftsinntektene, tilsvarande 71,2 mill. kroner. Det er lågare enn høge resultat i 2020-2023, men likevel vesentleg betre enn målsetjinga på 1,75 %. I HØP for 2024-2027 var det lagt opp til eit resultat på 2,4%, så resultatet er vesentleg betre enn planlagt.

Hå kommune sitt resultat ligg litt over vårt, medan Time og Gjesdal kommunar driftsresultat ned mot null i 2024. KS rapporterer om at gjennomsnittleg netto driftsresultat i kommunane som var med i budsjettundersøkjinga (utanom Oslo) var minus 0,4 % i 2024, noko som viser den vanskelege situasjonen i kommunesektoren.


Klepp kommune er klart på grønt nivå slik det er definert av KS og brukt av statsforvaltaren. Vedteken HØP 2025-2028 legg til grunn netto driftsresultat på om lag dette nivået, som framleis er over det vedtekne målet. Med eit så høgt investeringsnivå som kommunen har no, er det behov for høgare netto driftsresultat som bidrar til eigenfinansiering av investeringar.

Hovudårsaka til at resultatet vart betre enn budsjettet er tilleggsbevilgning i nysaldering av statsbudsjettet, begrunna i den vanskelege økonomiske situasjonen for kommunane og høgare finansinntekter enn budsjettet. Det reelle mindreforbruket som ikkje er brukt vart 28 mill. kroner, som er tilbakeført til ulike disposisjonsfond.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar. I tillegg blir det gjort frådrag for totale utlån og ubrukne lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne midlar). Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter er eit bilete på gjeldsgrada i kommunen, og seier noko om kor krevjande det kan bli å betala ned gjelda.

Alt av netto lånegjeld vil likevel ikkje vera renteeksponert gjeld, det vil seia gjeld der ein gitt auke i renta netto vil påverka budsjettbalansen i kommunen.




Netto lånegjeld enda på 57,1 %. Det er ytterlegare auke frå 2023, men framleis under målsettinga vår om at netto lånegjeld skal vera maksimalt 65%. Klepp si lånegjeld er, saman med Hå, lågare enn Time og Gjesdal si lånegjeld. I 2024 har den langsiktige gjelda (sett bort frå pensjonsforpliktingar) auka med 77,3 mill. kroner, medan utlåna har auka med 1,8 mill. kroner.

Klepp står ovanfor store investeringar i inneverande handlings- og økonomiplanperiode (2025-2028), som vil medføre at lånegjelda vil stiga vesentleg og koma opp på gult nivå, og over målsettinga i ein periode.

Lånefinansiering i prosent av finansieringsbehov

Lånfinansiering i prosent av finansieringsbehovet er eit måltal som seier noko om kor stor del av investeringane ein lånefinansierer.



Lånefinansieringa i prosent av finansieringsbehovet er såvidt under målsettinga i 2024. Her ser me at både Gjesdal og Time finansierer mindre av investeringsane sine med lån, medan Hå finansierer om lag like mykje av sine investeringar med lån.

Me det høge investeringsnivået Klepp har no, er det naudsynt å finansiera ein stor del av med låneopptak. Me har klart å styra Investeringsprosjekta og låneopptaket betre i 2024 enn året før, og

difor er ubrukte lånemidlar per 31.12.2024 redusert til 23,0 mill. kroner. Ubrukte lånemidler vert disponert til rebudsjettering av investeringane til 2024.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Nøkkeltalet seier noko om kor stor økonomisk buffer kommunen har for den løpande drifta si.

Inntektene til kommunen skal disponerast slik at det blir gitt gode tenester til innbyggjarane til kommunen. Å byggja opp store disposisjonsfond og reservar bør difor ikkje vera eit mål i seg sjølv. Det er likevel fornuftig å ha oppsparte midlar på disposisjonsfond som ein økonomisk buffer til framtidige tiltak dersom føresetnadene for budsjettet ikkje skulle slå til.



Disposisjonsfonda samla har auka til 397,7 mill. kroner i 2024. Disposisjonsfonda er på 19,7 % av driftsinntektene. Det er vesentleg høgare enn målsettinga på 7,5 %. Nivået i Klepp er på "grønt" nivå slik det er definert av KS og Statsforvaltaren. Hå ligg høgare enn oss, medan Time og Gjesdal ligg lågare enn Klepp. Time og Gjesdal har tært på sine fond i 2024, medan Klepp og Hå sine fond har auka.

Mindreforbruket på 28 mill. kroner vart tilbakeført til ulike disposisjonsfond.

16,5 mill. kroner vart tilbakeført til sentralt disposisjonsfond som er disponibelt til bruk.

Dei største fonda er ved utgangen av året på:

- Det sentrale disposisjonsfondet er redusert frå 144,7 mill. kroner i 31.12.2023 til 97,7 mill. kroner per 31.12.2024. Det er budsjettert med bruk av 21,2 mill. kroner i HØP 2025-2028. I 2024 og 2025 samla er det gjennomført/planlagt reduksjon av det sentrale disposisjonsfondet på 68,2 mill. kroner.
- Pensjonspremiefondet på 126,9 mill. kroner. Det er 75,3 mill. kroner lågare enn premieavviket og bør aukast.
- Flyktningefondet på 105,5 mill. kroner. Midla vert nytta til integrering av flyktningar og er sett av til eventuelle utgifter etter at perioden med integreringstilskot er ferdig.

Sentrale inntekter og utgifter

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale inntekter	-1 344 734	-1 414 386	-1 407 630	-1 419 059	11 429	0,8 %
Sentrale utgifter	-21 192	-5 099	38 889	40 060	-1 171	-3,0 %
Netto finansutgifter og inntekter	31 650	83 640	67 730	44 233	23 497	34,7 %
Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar	116 886	37 116	37 116	66 034	-28 918	-77,9 %
Til disposisjon	-1 217 389	-1 298 729	-1 263 895	-1 268 731	4 836	0,4 %
Fellestenester	66 520	69 996	72 018	72 018	0	0,0 %
Barn og unge	630 057	626 535	654 729	657 729	-3 000	-0,5 %
Helse og velferd	457 562	449 804	469 195	471 852	-2 657	-0,6 %
Samfunn og kultur	139 034	138 600	144 159	144 159	0	0,0 %
Kyrkje og gravplassar	13 040	13 794	13 794	14 146	-352	-2,6 %
Fellesområde	-88 824	0	-90 000	-91 172	1 172	1,3 %
Sum disponering	1 217 389	1 298 729	1 263 895	1 268 731	-4 836	-0,4 %
Meirforbruk + / mindreforbruk -	0	0	0	0	0	0,0 %

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Skatt på inntekt og formue	-726 044	-760 000	-755 000	-760 594	5 594	0,7 %
Rammetilskot	-610 728	-646 386	-645 130	-651 559	6 429	1,0 %
Sal frikraft	-4 704	-3 800	-3 300	-3 080	-220	-6,7 %
Rentekompensasjon	-3 015	-4 200	-4 200	-3 723	-477	-11,4 %
Andre generelle driftsinntekter	-243	0	0	-104	104	0,0 %

Årsmelding 2024

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Frie disponible inntekter	-1 344 734	-1 414 386	-1 407 630	-1 419 059	11 429	0,8 %

Skatt


Skatteinntekta i 2024 blei på 760,6 mill. kroner. Dette ga oss ei total meirinntekt på kr 5,6 mill, koner samanlinkna med justert budsjett for 2024. Det tilsvarar ei auke på 34,5 mill. kroner, tilsvarande 4,8 %, frå 2023.

På landsbasis vart skatteinntekta i 2024 1,4 % høgare enn fjoråret. For Klepp tyder dette at vår skattevekst var 3,4 prosentpoeng høgare enn for landet samla. Dermed har Klepp hatt ei betre skatteutvikling enn landet totalt sett.

Den reduserte skatteinngangen på landsbasis handla om at nokre få store kommunar (som utgjer ein stor del av gjennomsnittet) fekk skattesvikt, på grunn av store negative fordelingsoppgjer. Det var altså ein korleksjon av for høge skatteinntekter i tidlegare år. Totalt sett for landet var veksten i forskotstrekk og forskotsskatt mindre enn forventa i 2024, noko som bidrog til låg skattevekst.

Klepp sine skatteinntekter i prosent av landsgjennomsnittet auka frå 91,8 % av landsgjennomsnittet i 2023 til 94,7 % av landsgjennomsnittet i 2024. Den nasjonale skattesvikten gjaldt ikkje for alle kommunar. Den handla hovudsakleg om svikt i skatteinntekter for nokre få, store og skattesterke kommunar.

Når me korrigerer for inntektsutjamninga (som er ein del av rammetilskotet) auka Klepp sine skatteinntekter (inkl. inntektsutjamning) til 96,8 % av landsgjennomsnittet. Det tyder at me gjennomsnittleg må driva våre tenester med 3,2 % lågare utgifter enn gjennomsnittskommunen.



Rammetilskot

Klepp kommune fekk rammetilskot på 656,6 mill. kroner i 2024, samanlikna mot eit budsjett på 645,1 mill. kroner. Avviket er på 1 % høgare enn budsjett. Hovudårsaka til meirinntekta er auken i innbyggjartilskott som kom i nysaldering at statsbudsjettet. Meirinntekta skulle på bakgrunn av auken vore høgare, men fordi skatteinngangen på landsbasis har vore lågare enn for Klepp har me fått tilført mindre i inntektsutjamning enn budsjettet. Dei ulike elementa i utbetalt rammetilskot oppsummerer seg slik:

Deltilskot	Beløp i heile tusen
Innbyggjartilskot/utgiftsutjamning	628 353
Av dette trekk for å dekke inn Frøyas negative rammetilskot	-699
Av dette vaksinasjon covid 19	668
Av dette auke innbyggjartilskot i nysalderinga	16 194
Ordinært skjønn - språkdeling etc.	1 700
Veksttilskot	4 414
Inntektsutjamning	17 092
Samla tilskot	651 559

Sal av frikraft

Inntektene frå sal av frikraft vart på 3,1 mill. kroner, noko som er noko lågare enn justert budsjett på 3,3 mill. kroner. Inntektene vart 6,7 % lågare enn justert budsjett. Inntektene frå frikraft har direkte samband med nivået på straumprisen i dei periodane me har frikraft å selja. Sal av frikraft var opprinneleg budsjettet til 3,8 mill. kroner. Budsjettet vart justert ned i tertialrapport til 3,3 mill. kroner basert på at kraftprisane i 2024 var på eit meir normalt nivå enn då opprinneleg budsjett blei laga. Dei reduserte inntektene, samanlikna med opprinneleg budsjett, på denne posten vart dekt inn av at kommunen sine utgifter til straum på tenestemråde samfunn og kultur vart lågare.

Rentekompensasjon

Som følge av lågare rentenivå gjennom året vart tilskota til rentekompensasjon for bl.a. skular og omsorgsbustader lågare enn budsjettet. Inntektene vart på 3,7 mill. kroner, medan budsjettet var på 4,2 mill. kroner.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale utgifter						
Motpost kalkulatoriske avskrivninger	-4 802	-4 908	-4 908	-5 191	283	5,8 %
Bruk av pensjonspremiefond KLP	-25 000	-25 000	-35 000	-35 000	0	0,0 %
Tidlegare års premieavvik	22 526	33 376	33 913	33 913	0	0,0 %
Årets premieavvik	-103 503	-51 767	-47 453	-48 300	847	1,8 %
Diverse utgifter	772	700	700	838	-138	-19,7 %
Tilleggsbevilgning	0	300	300	0	300	100,0 %
Lønsreserve	0	42 200	1 337	0	1 337	100,0 %
Avskrivninger	88 816	0	90 000	93 800	-3 800	-4,2 %
Sum Sentrale utgifter	-21 192	-5 099	38 889	40 060	-1 171	3,0 %

Motpost kalkulatoriske avskrivninger

Dette er ein motpost til avskrivningane på gebyrområda for sjølvkost. Posten vart litt høgare enn budsjettet. For nærare opplysningar vert det vist til noteopplysningane for sjølvkostområda.

Bruk av pensjonspremiefond

Klepp kommune brukte 35 mill. kroner av pensjonspremiefondet i KLP, heilt i tråd med budsjettet. Dette er ei auke frå 2023, som vart lagt inn for å bidra til lågare premieavvik i 2024.

Tidlegare års premieavvik

Dette er amortisering tidlegare inntektsførte premieavvik som vert fordelt på mellom 7-15 år i samsvar med reglane for dette. Posten vart omlag som budsjettet.

Årets premieavvik

Premieavviket i 2024 vart 48,3 mill. kroner. Dette er pensjonsutgifter me i tråd med regelverket skyver framfor oss ved å inntektsføra i inneverande år og må utgiftsføra med ein sjuandedel kvart år i dei sju neste åra. Premieavviket er differansen mellom betalt premie og berekna kostnader. Det var budsjettet med 47,5 mill. kroner, og dette gir eit meirinntekt på 840 000 kroner, tilsvarande 1,8 %.

Det akkumulerte premieavviket som skal utgiftsførast dei komande sju åra (i tillegg til ordinære pensjonspremiar) er på 202,2 mill. kroner ved utgangen av 2024. Klepp kommune har per 31.12.2024 eit særskilt disposisjonsfond til pensjonsformål på 126,9 mill. kroner. Dette gir ei underdekning på 75,3 mill. kroner. Klepp kommune burde sett av deler av mindreforbruket i 2024 til pensjonsfondet, for å redusera underdekninga. I og med at det generelle disposisjonsfondet alt er svekka med 68,2 mill. kroner i 2024 og av vedtak i HØP 2025-2028, ser ikkje kommunedirektøren at det er rom for ei slik styrking.

Lønsreserve

Årsmelding 2024

Lønsveksten i 2024 vart omtrent som estimert. Etter at alle områda har fått tilført budsjett til å dekkja lønnsoppgjeret, står det igjen ein rest på 1,3 mill. kroner. Dette utgjer eit lite avvik på 3 %. Årsaka til denne resten er at når dei lokale forhandlingane først blir gjennomført etter at 2. tertialrapport er lagt fram, må me alltid ha ein liten usikkerheitsmargin i det som er sett av til lønnsoppgjera.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Ordinære renteinntekter	-33 985	-12 000	-18 000	-26 612	8 612	47,8 %
Renteinntekter lån Klepp energi AS	-2 091	-2 200	-2 200	-2 179	-21	-0,9 %
Renteinntekter lån Lyse energi AS	-4 987	-4 670	-5 820	-5 243	-577	-9,9 %
Renteinntekter etablerings- og startlån	-5 445	-7 900	-7 900	-7 634	-266	-3,4 %
Kalkulatoriske renter	-6 406	-8 250	-8 250	-7 440	-810	-9,8 %
Utbytte fra Klepp energi AS	-11 000	-14 000	-12 000	-12 000	0	0,0 %
Utbytte fra Lyse energi AS	-46 519	-31 506	-31 506	-31 506	0	0,0 %
Ordinære renteutgifter	55 369	71 032	60 272	57 511	2 761	4,6 %
Renteutgifter etablerings- og startlån	6 260	10 685	10 685	6 550	4 135	38,7 %
Avdrag på lån	84 850	82 449	82 449	78 540	3 909	4,7 %
Gevinst på finansielle omløpsmiddel	-4 396	0	0	-5 754	5 754	0,0 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	31 650	83 640	67 730	44 233	23 497	-34,7 %

Renteinntekter

Renteinntektene i 2024 vart på nesten 26,6 mill. kroner. Dette gir ei meirinntekt på 8,6 mill. kroner, noko som er ei meirinntekt på 47,8 %. Rentenivået har vore høgare enn budsjettet, og difor gitt høgare renteinntekter. Kommunedirektøren er alltid litt meir forsiktig med å justera opp inntektene enn utgiftene når det er usikkerheit.

Renteinntekter lån energiselskapa

Renteinntektene på dei ansvarlege låna frå både Klepp energi AS og Lyse energi AS vart litt lågare enn justert budsjett. Mindreinntektene var på 600 000 kroner. Låna vert forrenta med Nibor 3 månader + 2 %.

Renteinntekter startlån

Renteinntektene på startlåna vart litt lågare enn justert budsjett. Mindreinntektene var på 266 000 kroner. Det skuldast at me har lånt ut mykje mindre startlån enn budsjettet. Mange av dei som har fått tilsegn om lån strever med å finna husvære å kjøpa som er innanfor budsjettet deira.

Kalkulatoriske renter

Noko lågare rentenivå gav og ei lågare kalkulatorisk rente. Den kalkulatoriske renta er 5-årig swaprente, som har vore endå lågare enn 3 månaders nior i 2024. Den kalkulatoriske renta vert brukt til utrekning

av sjølvkost på gebyra som er underlagt reglane for det. Posten viser kor mykje av renteutgiftene til kommunen som vert dekte av sjølvkostgebyra. Viser til noteopplysningane for dei enkelte gebyra.

Utbytte frå energiselskapa

Det vart utbetalt ordinært utbytte i samsvar med budsjett frå energiselskapa. Utbyttet gjeld rekneskapsåret 2023 for selskapa.

Renteutgifter

Renteutgiftene på ordinære lån og startlån vart samla 6,9 mill. kroner lågare enn budsjettert. 3 mill. kroner av dette avviket skuldast at renteutgifter me hadde budsjettert med i 2024 måtte periodiserast til 2025 på grunn av transaksjonsprinsippet (at beløpet ikkje vart betalt før forfallsdatoen 10. januar 2025).

Avdrag på lån

Avdrag på lån vart 3,9 mill. kroner lågare enn budsjettert. Dette avviket skuldast at eit avdrag me hadde budsjettert med i 2024 måtte periodiserast til 2025 på grunn av transaksjonsprinsippet (at avdraget ikkje vart betalt før forfallsdatoen 10. januar 2025).

Tap og gevinst på finansielle omløpsmidlar

Gevinst i både aksje- og obligasjonar i 2024 medførte gevinst på 5,8 mill. kroner. Nærare opplysningar om utviklinga er beskrive i finansrapporten.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjoner - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Bruk av disposisjonsfond	17 185	-1 488	-2 421	25 582	-28 003	-1156,7 %
Overført til investeringar	76 097	38 733	39 666	40 438	-772	-1,9 %
Avsetning til disposisjonsfond	23 583	-129	-129	0	-129	-100,0 %
Avsetning til bundne driftsfond	21	0	0	15	-15	0,0 %
Netto avsetnader	116 886	37 116	37 116	66 034	-28 918	77,9 %

Bruk av disposisjonsfond

Det vart brukt av disposisjonsfond i samsvar med budsjett. Ved saldering av rekneskapen hadde kommunen eit mindreforbruk på 28 mill. kroner. I tråd med [budsjettforskrifta §4-3](#), måtte me dermed stryka bruk av disposisjonsfond for 28 mill. kroner. Dette blei gjort i tråd med [økonomireglementet](#) punkt 1.4.7 b.

Overført til investeringar

Det vart overført til investeringar i samsvar med budsjett.

Avsett til disposisjonsfond

Budsjetterte midlar vart avsett som budsjettert. For ein fullstendig oversikt over avsetning og bruk av fond vert det vist til "Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner §5-9".

KOSTRA hovudtal

	Klepp 2023	Klepp 2024	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	91 402	95 925	102 321	102 898	106 999	107 674
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	87 939	93 810	103 686	101 116	108 753	107 681
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	19,8 %	19,9 %	8,5 %	22,5 %	11,8 %	9,3 %
Eiendomsskatt per innbygger (B)	0	0	355	0	1 767	2 309
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	64 434	68 363	73 892	73 290	79 295	77 436
Økonomi						
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt (B) (Kommunekasse)	5,8 %	3,5 %	0,1 %	3,8 %	-0,0 %	-1,1 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B) (Kommunekasse)	47,6 %	56,7 %	70,6 %	56,3 %	65,8 %	93,6 %
Netto lånegjeld per innbygger (B) (Kommunekasse)	43 217	53 881	71 623	57 404	69 829	98 335
Rammetilskudd Beløp per innbygger (kr)	29 221	30 754	30 827	36 052	36 506	36 105
Skatt på inntekt og formue Beløp per innbygger (kr)	34 739	35 901	37 214	31 820	33 150	33 497

Klepp kommune har dei lågaste brutto driftsinntektene av samanlikningskommunane. Våre driftsinntekter er 95 925 kroner per innbyggjar. Dei me samanliknar oss med har høgare inntekter enn oss. Time sine brutto driftsinntekter per innbyggjar er 6396 kroner høgare enn våre. Hå sine er 6973 kroner høgare enn våre, og Gjesdal sine er 11 074 kroner høgare per innbyggjar enn våre. Avstanden til kostragruppe 7 er 11 749 kroner. Når me gangar desse differansane opp med innbyggjarane ser me at Klepp ville hatt 135,5 mill. kroner meir dersom me hadde hatt inntekter på Time sitt nivå. Dersom inntektene hadde vore på Hå sitt nivå ville me hatt 147,7 mill. kroner og 234,6 mill. kroner om inntektene hadde vore på Gjesdal sitt nivå. Om inntektene hadde vore på nivå med kostragruppe 7 ville Klepp hatt 248,9 mill. kroner meir å rutta med. Det er fleire årsaker til at me har lågare utgifter. Me har skatteinntekter under landsgjennomsnittet. Utgiftsbehovet vårt er lågare enn dei me samanliknar oss

med, og det er ei anna årsak til lågare inntekter. I tillegg kan det vera skiljader i satsane for eigenbetaling. Fordi me må driva tenestene våre med såpass mykje lågare inntekter enn samanlikningskommunane, må me bruka mindre enn alle på tenester.

Driftsinntektene har auka med 4 523 kroner per innbyggjar frå 2023 til 2024. I og med at Klepp har dei lågaste driftsinntektene av alle, må me og ha dei lågaste brutto driftsutgiftene. Driftsutgiftene har auka med 5 871 kroner per innbyggjar. Utgiftene har altså auka med 1 348 kroner meir inn inntektene per innbyggjar. Dette tilsvarar eit redusert handlingsrom på 28,6 mill. kroner når me gangar opp med innbyggjartalet. Tilsvarande har Klepp og dei lågaste netto driftsutgiftene i kroner per innbyggjar.

Netto lånegjeld per innbyggjar er og lågast av samanlikningskommunane, der er det Hå som er nærast oss. For analyse av dei andre nøkkeltala, sjå kapitlet om oppfølging handlingsreglar i årsrapporten.

Personal og organisasjon

Personalforvaltning

Kvalitet, kontroll og etikk

Sommaren 2023 vedtok Administrasjonsutvalet nye etiske retningslinjer for tilsette og politikarar i Klepp kommune. Siktemålet med desse var mellom anna å tydeleggjera både forventningar og lovkrav. Dette arbeidet vert ført vidare i arbeidet med å laga ein ny arbeidsgjevarstrategi, som vart påbegynt seinhausten 2024.

Klepp kommune sitt elektroniske kvalitets-system (Compilo), er der rutinar, manualar og prosedyrar er lagra, og rapportering av avvik og varsling går føre seg. Fokus i 2024, som i 2023, har vore på å auka bruken av og effektiviteten i systemet, både med tanke på talet på avvik, bruk i dei ulike tenestemråda og på å nytta ROS-modulen i større grad.

Tilsette og likestilling

Per 31.12.2024 var det 1 646 tilsette med faste stillingar i kommunen. Av desse var 1 365 kvinner (82,9 %) og 281 menn (17,1 %). Andelen menn har dermed minka frå 2023, då tilsvarande tal var 82,1% kvinner og 17,9% menn.

Gjennomsnittsløna for menn var på 630 552 kroner og for kvinner på 581 557 kroner. Differansen mellom gjennomsnittsløna for menn og kvinner har auka frå 44 615 kroner i 2023 til 48 975 kroner i 2024. Samstundes syner ein gjennomgang at menn og kvinner i like stillingar og ansiennitet tener tilnærma likt og har hatt den same lønnsutviklinga. Den viktigaste forklaringsfaktoren ser difor ut til å vera knytt til kva for ein sektor dei ulike kjønna i størst grad jobbar.

Klepp kommune arbeider gjennom sin personal- og rekrutteringspolitikk for å fremja likestilling og å hindra diskriminering på bakgrunn av kjønn, etnisk bakgrunn, nedsett funksjonsevne, alder og seksuell orientering.

Årsmelding 2024

Årsverk og tilsette	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
te totalt	1613	1640	1607	1647	1649	1665	1 685
te med fast løn	1 456	1 490	1 472	1 506	1 544	1 584	1 633
e årsverk	1 179	1 206	1 181	1 200	1 246	1 291	1 367
ittleg stillingsprosent	81,0 %	80,9 %	80,2 %	79,7 %	80,7 %	81,5 %	83,7 %
te kvinner med fast løn	1 223	1 249	1 226	1 252	1 282	1 317	1 340
te menn med fast løn	233	241	246	254	262	267	293
te kvinner med fast løn	84,0 %	83,8 %	83,3 %	83,1 %	83,0 %	83,1 %	82,1 %
Sum	630 057	657 729	654 729	-3 000	-0,5 %

Kommentar til status økonomi

Det samla resultatet i 2024 innan barn og unge gav eit meirforbruk på 10,8 mill. kroner. Meirforbruket er i hovudsak innan skule, og utgjer omlag 13,5 mill. kroner, medan oppvekst og barnehagar rapporterer eit mindreforbruk på tilsaman 3,9 mill. kroner. For å dekke meirforbruket, er det overført 7,8 mill. kroner frå barn og unge sitt disposisjonsfond, som gjer at saldo på fondet no er redusert til 3,1 mill. kroner per 31.12.24. Meirforbruk på 3 mill. kroner som står att, er eit resultat av gløymd budsjettjustering for gratis SFO hausten 2024.

Barnehagar har eit samla mindreforbruk på 3 mill. kroner. Det er variasjonar mellom dei ulike einingane, der dei fleste har eit budsjett i balanse. Mindreforbruket skuldast i all hovudsak utfordringar knytt til rekruttering av kvalifisert personell og mangel på vikarar ved sjukdom og fråvær. Det er tett samarbeid mellom barnehagestyrarar og økonomikonsulent.

Oppvekst har eit mindreforbruk på 0,9 mill. kroner. Her er større variasjonar innan einingane, der barnevernstenesta kjem ut med eit meirforbruk på 4 mill. kroner. Målet med oppvekstreforma er at barn og familiar skal få rett hjelp så tidleg at kostnadsdrivande tiltak/plassering utanfor heimen ikkje er nødvendig. I 2024 ser ein at meirforbruket skuldast fleire tiltak utanfor heimen enn budsjettert. Samstundes er kostnadane knytt til tiltak i heimen redusert. Einingane helsestasjonsteneste og vaksenopplæringa sitt mindreforbruk skuldast ledige stillingar og høgare statleg tilskot enn budsjettert. Det er etablert tettare samarbeid mellom einingane i oppvekst og økonomirådgivar knytt til kompetanseheving og forbetring av økonomioppfølging og rutinar.

Skulesektoren sitt meirforbruk er samla sett på nivå med 2023. Noko av meirforbruk skuldast utanforliggende faktorar, som gløymd justering av budsjett knytt til gratis SFO tredje tertial (3 mill. kroner), tilpassa opplæring for ein elev (1,1 mill. kroner) og omlag 1 mill. kroner i refusjonskrav knytt til fosterheimsplasserte barn og skuleskyss. Totalt utgjer dette omlag 5,1 mill. kroner av skulesektoren sitt meirforbruk. I tillegg var det sett av for lågt budsjett til drift av Vardheia skule (4,2 mill. kroner). Den største utgiftsposten til skulesektoren er lønnsutgifter, som utgjer omlag 94 % av kostnadene.

I Handling- og økonomiplan 2024 vart det lagt inn eit større tiltak knytt til kartlegging av ressursbrukt og moglegheit for innsparing i skulen. Sjølv datainnsamling starta opp allereie i 2022, medan Agenda kaupang (ekstern konsulent) gjennomførte si analyse våren 2024. Med utgangspunkt i denne kartlegginga er det i 2024 sett i verk fleire tiltak innan skule:


- **Ny budsjettfordelingsmodell.** Tidligere modell som vart nytta dei siste åra er utelukkande basert på elevtal, utan å ta høgde for språkdeling, individuell tilrettelagd opplæring (tidligere spesialundervisning) eller smådriftsulemper. Ny budsjettmodell, som tek omsyn til dette, blei utvikla og teken i bruk frå budsjettet 2025.

- **Opplæring.** Leiinga ved alle skular har fått opplæring og tett oppfølging frå både økonomirådgjevar og skulesjef om budsjettering, budsjettoppfølgning og økonomistyring.
- **Framskrivingsmodell.** Dette er eit dynamisk verktøy som gir leiinga i skulen fortløpande oversikt på korleis tilsetningar, permisjonar, sjukeløn, andre refusjonar og tilskot, etc. påverkar deira økonomiske handlingsrom over tid, vurdert mot budsjettet for i år.
- **Spesifikke tiltak for Vardheia skula.** Fleire treff mellom skulesjef og økonomi i Klepp og Time. Dette for å betra innsikt i rekneskapstal, og for å sikra rett budsjettering framover.


Sjølv om meirforbruket samla sett innan skulesektoren er nokolunde like stort som i 2023, ser ein effekt av tiltaka som vart sett i verk i 2023 og 2024. Ein erfarer allereie no ei langt større innsikt og forståing i sektoren av viktigheita rundt budsjettering, budsjettoppfølgning og økonomistyring. Den største effekten av tiltak etter Kaupang-rapporten blir venta å koma i løpet av 2025.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Slik gikk det

Det er eit auka krav til tverrfagleg samarbeid mellom tenesteområda innan barn og unge, noko me i Klepp er godt rigga for. Kleppmodellen er eit viktig verktøy i dette arbeidet. Den legg stor vekt på tidleg innsats og tett samarbeid på tvers, og skal blant anna sikre lik kvalitet og oppfølging av alle barn på helsestasjon, i barnehage og på skule. Kleppmodellen er godt kjend i tenesteområdet, men me har ein veg å gå i å aktivt bruke den i kvardagen.

Tenesteområda må vidareutvikla samarbeidet på tvers og heia på kvarandre til det beste for barn og unge. Ein må utnytta ressursar hjå familie og nettverk og spela på lag med frivillige og næringslivet. Slik at ein saman kan bygge gode lokalsamfunn.

Status politiske vedtak

Verbalvedtak HØP

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Alternative opplæringsarenaer		Ferdig	Saka om blei politisk behandla i hovudutval for barn og unge 17.10.2024 og i kommunestyret 11.11.2024 Kommunestyret sitt vedtak: <i>Kommunestyret tek saka til orientering, men vil i tillegg løfta fram at det allereie no er fleire moglegheiter i Kleppskulen til at elevane får opplæring på andre stader enn på skulen.</i>
Tidleg innsats og elevar med samansette vanskar		Forsinket	Tiltaket blei hausten 2024 innretta som eit prosjekt, som inneber etablering av skolebaserte miljøteam på Klepp ungdomsskule og Kleppe skule. Miljøteamet på den einskilde skule er under leiing av skulen sitt ressursteam, og skal arbeida med tidleg oppdaging og tidleg innsats. PPT skal blant anna bidra med kompetanse og pedagogisk støtte. Arbeidet med prosjektet vil halde fram i 2025. Grunna sein igangsetting kan ein ikkje rapportere noko resultat per nå.
Utgreiing lågterskeltenester psykisk helse for born og unge		Ferdig	Saka vart først behandla i kommunestyret 23.09.24, der det kom verbalforslag kring samordning, digitale løysingar og opningstider. Svar til kommunestyret vart gitt 17.02.25. Administrasjonen vil følgje opp gjennom vidareutvikling av Kleppmodellen, e-læring og digitale samhandlingsverktøy.

Status oppdrag

Planoppfølging

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Barneansvarleg i alle einingar		Ferdig	Alle einingar i barn og unge har ein barneansvarleg.
Barnehagen har rutinar og retningslinjer for digital og sikker handtering av tverrfagleg samhandling		Iht. plan	Alle barnehagane samhandlar no via sikre digitale system. For å vidare betra samhandlinga, treng barnehagane tilgang til andre digitale løysningar.
Barnets stemme vert alltid tatt med i vurderingar		Iht. plan	Alle einingar i barn og unge arbeider aktivt med innhenting og bruk av barnet si stemme. Barnet si stemme er innarbeida i alle arbeidsmalar i skular og einingane i oppvekst. Malar og planar for barnehagane er under revidering og blir tilpassa for å støtte barn sin beste vurdering. Det er gitt opplæring i innhenting og oppfølging av barnet si stemme i både skulane, barnehagane og dei ulike einingane i oppvekst.

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Egenvurdering av implementering av Kleppmodellen		Forsinket	Alle skular og kommunale barnehagar har modellen integrert i dagleg drift på leiarnivå. Dei største utfordringane for dagleg bruk i heile organisasjonen, er systematisert opplæring av nye tilsette og justering av ressursteam. Vidare arbeid vil retta søkelyset på dette, samt andre oppdagande tenester.
Einingane har rutinar og retningslinjer for digital og sikker handtering av tverrfagleg samhandling		Forsinket	Det er gode rutiner for digital og sikker handtering av informasjon i både barnehage, skule og einingane i oppvekst. Både skule og oppvekst har tilgang til program som gir trygg digital deling av informasjon i tverrfagleg samhandling, men dette er ikkje fullt ut nytta. Barnehagane har ikkje programmet. Digital og sikker handtering av tverrfagleg samanhalding vil derfor arbeidast vidare med i 2025.
Klepp Ungdomsråd har faste møter, og får uttale seg i saker som er viktige for dei		Ferdig	Ungdomsrådet har faste møter som ligg i den politiske møtekalender. Her får dei uttale seg om saker som er viktige for dei. Ungdomsrådet er i dag godt etablert som del av den politiske møtestruktur.
Operativt nivå SLT er aktive i foreldrekveldar og anna arbeid med foreldremobilisering		Ferdig	I 2024 blei det arrangert to foreldrekveldar, som del av SLT-arbeidet til kommunen. Foreldrekveldane følgjer fastsett årshjul og blir arrangert i uka før vinterferien og onsdag før haustferien. Tema har vore russetid og sosiale media, skulefråvær og korleis snakka med ungdom.
Samhandling på tvers foregår digitalt og sikkert etter gjeldende retningslinjer og rutiner		Iht. plan	Alle einingar samhandlar i dag via sikre digitale system, men alle systema snakkar ikkje saman. Det er derfor behov for å sjå på nye digitale løysningar for barnehagane. Det er og behov for implementering av tilgjengelege digitale løysingar som sikrar betre samhandling på tvers i tenestområdet barn og unge, men og med andre instansar utanfor barn og unge.
Skulen har eit velfungerande elevråd som vert lytta til		Ferdig	Alle skulane har velfungerande elevråd der elevane blir involvert i ulike medverknadsprosessar og spelar ei aktiv rolle i skulemiljøet. To gonger i året er elevråda deltakarar på barn og unges kommunemøte (BUK).

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Spesialisert koordinatorfunksjon for barn og unge med tilpassa oppfølging er på plass		Ferdig	Klepp tverrfaglege team har ein eigen koordinator som samarbeider tett med barnekoordinator. Dette fungerer godt innan barn og unge, og skapar og god samhandling mellom barn og unge og helse og velferd.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,57 %	6,64 %	9,21 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,68 %	5,39 %	8,07 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,19 %	4,47 %	6,66 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,01 %	5,52 %	7,53 %

Status sjukefråvær og HMS

Frå 2023 til 2024 er barn og unge sitt totale sjukefråvær auka fra 6,7 % til 7,5 %, i hovudsak grunna auke i langtidsfråværet.

Det er arbeida godt med nærvær i dei ulike sektorane, der fleire einingar har hatt samarbeid med NAV og/eller bedriftshelsetenesta. Skule sitt samla sjukefråvær på 6,3 %, er tilsvarande likt fjoråret. Til samanlikning med barnehage (9,2 %) og oppvekst (9,0 %) er dette lågt. Ein ser variasjonar i dei ulike einingane i både oppvekst, barnehage og skule, men til felles er det langtidsfråværet som er høgast. Størst variasjon finn ein innan oppvekst der spriket i langtidsfråværet varierer frå 2,4 % (2023) til 7,0 %.

Langtidsfråvær skuldast i hovudsak forhold som ligg utanfor arbeidsplassen. I dei tilfelle det er utløyst av forhold på arbeidsplass, blir dette arbeida spesifikt med, både på individ- og systemnivå i tråd med rutine og retningslinjer.

Sjukefråvær per måned

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Totalt i år	Totalt i fjor
Korttid	Stab barn og unge	3,93 %	5,88 %	0 %	0 %	0 %	2,11 %	0 %	0 %	2,07 %	7,56 %	2,34 %	0 %	2,08 %	1,18 %
Langtid	Stab barn og unge	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	13,72 %	18,14 %	2,11 %	6,75 %	
Samla	Stab barn og unge	3,93 %	5,88 %	0 %	0 %	0 %	2,11 %	0 %	0 %	2,07 %	7,56 %	16,06 %	18,14 %	4,18 %	7,93 %
Korttid	Skular	2,41 %	2,04 %	1,68 %	1,60 %	1,46 %	1,22 %	0,37 %	0,74 %	2,36 %	1,71 %	2,60 %	2,26 %	1,69 %	1,90 %
Langtid	Skular	4,24 %	4,57 %	5,35 %	5,38 %	5,90 %	5,25 %	3,14 %	2,90 %	5,01 %	4,72 %	5,04 %	4,19 %	4,61 %	4,51 %
Samla	Skular	6,65 %	6,61 %	7,03 %	6,98 %	7,37 %	6,47 %	3,51 %	3,64 %	7,36 %	6,43 %	7,63 %	6,45 %	6,31 %	6,40 %
Korttid	Barnehagar	3,62 %	3,67 %	2,29 %	1,80 %	1,68 %	2,97 %	0,58 %	1,57 %	3,48 %	2,69 %	3,06 %	2,82 %	2,51 %	2,76 %
Langtid	Barnehagar	6,77 %	7,03 %	7,70 %	7,61 %	7,76 %	7,19 %	5,38 %	4,57 %	6,15 %	6,30 %	6,52 %	6,97 %	6,65 %	4,91 %
Samla	Barnehagar	10,39 %	10,70 %	9,99 %	9,41 %	9,44 %	10,17 %	5,96 %	6,14 %	9,63 %	8,99 %	9,59 %	9,79 %	9,16 %	7,67 %
Korttid	Oppvekst	4,90 %	1,12 %	1,16 %	1,13 %	1,31 %	3,57 %	0,65 %	1,47 %	1,13 %	1,96 %	3,21 %	2,41 %	1,99 %	1,92 %

Årsmelding 2024

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Totalt i år	Totalt i fjor
Langtid	Oppvekst	5,80 %	9,17 %	7,29 %	7,66 %	8,04 %	9,99 %	9,32 %	8,25 %	4,33 %	4,58 %	6,04 %	3,97 %	7,04 %	2,37 %
Samla	Oppvekst	10,70 %	10,29 %	8,45 %	8,80 %	9,36 %	13,56 %	9,98 %	9,72 %	5,46 %	6,54 %	9,25 %	6,38 %	9,02 %	4,29 %
Korttid	Sum sjukefråvær	3,08 %	2,58 %	1,83 %	1,61 %	1,51 %	2,06 %	0,47 %	1,09 %	2,61 %	2,13 %	2,81 %	2,45 %	2,01 %	2,19 %
Langtid	Sum sjukefråvær	5,23 %	5,81 %	6,30 %	6,32 %	6,69 %	6,32 %	4,48 %	3,95 %	5,28 %	5,20 %	5,71 %	5,24 %	5,52 %	4,47 %
Samla	Sum sjukefråvær	8,31 %	8,38 %	8,13 %	7,93 %	8,20 %	8,38 %	4,95 %	5,04 %	7,89 %	7,33 %	8,53 %	7,69 %	7,53 %	6,66 %

Kostraanalyse

Viktige indikatorar er kommentert under kvar tabell.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Grunnskole

	Klepp 2023	Klepp 2024	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	120 710	117 251	117 768	105 548	104 142	118 593
Produktivitet						
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per elev *)	162 853,3	162 372,0	138 803,4	153 245,9	139 922,5	163 820,2
Dekningsgrad						
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	7,7 %	7,1 %	7,7 %	9,3 %	7,6 %	7,9 %
Kvalitet						
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	41,7	41,4	41,8	40,7	43,0	41,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	12,5	13,2	13,8	13,4	13,3	13,1
Levekår						
Utgiftsbehov - Grunnskole	1,182	1,161	1,191	1,266	1,358	1,077
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
1.-4. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	12,6	13,8	14,3	14,3	13,9	14,0
5.-7. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	16,2	15,2	18,0	17,6	15,0	16,8
8.-10. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	18,3	16,5	17,5	18,2	21,1	18,1
Antall elever i kommunale grunnskoler	2 587	2 539	2 836	2 632	1 920	69 139
Elever alle trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	15,1	15,0	16,5	16,4	16,2	16,1

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Netto driftsutgifter til grunnskulen gir ein indikasjon på kommunen si ressursbruk innan skule, samanlikna med andre. Talet er blant anna korrigert for elevar i statlege/private skular og kommunen

sitt utgiftsbehov. I Klepp er ressursbruken tilsvarande Time kommune og kostragruppa, men noko høgare enn Hå og Gjesdal. Språkdeling er ei kjend kostnadsutfordring for Klepp kommunen og utgjør i 2024 om lag 11 mill. kroner. Tek ein høgde for dette har kommunen tilsvarande prioritet/driftsutgifter innan skule, som Hå kommune.

Produktiviteten i Kleppskulen seier noko om kva kvar elev i skulen kostar. Her er ikkje teke høgde for kvalitet i skulen, elevane sine varierte behov eller språkdeling. Tala syner at ein i Klepp har høgare utgifter per elev enn våre nabokommunar, men noko lågare enn kostragruppa. Dette synar at skulane driftast dyrare per elev i Klepp enn dei andre kommunane me samanliknar oss med.

Det er gjort eit arbeid med å få på plass velfungerande ressursteam i skulane og samstundes stryke det tverrfaglege samarbeidet generelt i barn og unge. Dette meiner me kan vera medverkande årsak til den reduksjon ein ser i del av elever som får individuell tilpassa opplæring (spesialundervisning). Det kan og indikere at satsinga på meir inkluderande undervisning har hatt effekt.

Kvalitet i skulen er blant anna målt ut frå gjennomsnittleg grunnskulepoeng. Her registrerast ein liten nedgang frå 2023, men tilsvarande snittet i kostragruppa.

Lærarnorma (bemanning norm i skulane) regulerer kor høg lærartettleiken totalt sett på ein skule skal vere på hovudtrinna, det vil seie for 1.-4.trinn, 5.-7.trinn og 8.-10.trinn. Det er det samla talet elevar på kvart av hovudtrinna på den enkelt skule som avgjer kor mange lærarar som trengst for å oppfylle norma. Lærarnorma regulerer berre ressursane i den ordinære undervisninga. Ressursar til spesialundervisning og særskild norsk kjem i tillegg.

Talet på elevar per lærar i ein enkelt klasse er noko anna enn lærarnorma. At kommunen har eit ansvar for at skulen samla sett har tilstrekkeleg lærardekning, betyr ikkje nødvendigvis at det skal vera éin lærar per eit bestemt tal elevar i kvar klasse til kvar tid. Det er tillate med klassar opp mot 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet. Undervisninga kan organiserast slik kommunen meiner er mest formålstenleg, så lenge det vert gjort i tråd med nasjonale normer og regelverk.

Klepp har hatt ei auke i gjennomsnittleg gruppestorleik frå 12,5 til 13,2 på 1.-10. trinn. Dette betyr ikkje nødvendigvis færre lærarar, men kan óg indikere at ei auka del av undervisninga blir organisert i større grupper. Dette er viktig å sjå i samanheng med lærarnorma, som set krav til lærartettleik på ulike trinn.

Utvikling knytt til levkår viser at Kleppskulen har eit utgiftsbehov som er høgare enn kostragruppa, men lågare enn dei andre jærkommunane.

Klepp har 194 elevar ved Vardheia ungdomsskule som vert rekna med i Time sine elevtal. Det korrekte elevtalet for Klepp er 2733 elevar, medan Time sitt er 2642 elevar. Dette gjer også utslag i for lågt tal på brutto driftsutgifter per elev i Time, medan Klepp sitt tal er berekna riktig.

Kostra-analyse - Barnevern

	Klepp 2023	Klepp 2024	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) *) **)	9 652	10 537	12 917	11 539	13 567	14 511
Produktivitet						
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B)	36,6 %	39,2 %	31,4 %	28,6 %	36,6 %	35,8 %


Årsmelding 2024

Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	94,0 %	94,0 %	97,0 %	99,0 %	88,0 %	94,0 %
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252) *)	347 605	497 571	562 500	431 727	554 778	573 326
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) *)	102 467	69 089	96 781	54 276	57 284	68 884
Dekningsgrad						
0-17 år Tiltak i alt andel barn med barnevernstiltak per 31.12. (prosent)	2,5 %	1,8 %	1,8 %	2,6 %	2,5 %	2,4 %
Barn med melding ift. antall innbyggere 0-17 år	4,1 %	4,8 %	3,0 %	5,1 %	3,9 %	4,2 %
Kvalitet						
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	3,9	4,0	3,8	3,6	5,0	5,0
Levekår						
Utgiftsbehov - Barnevern	1,059	1,045	1,010	1,091	0,994	0,993

*) Inflasjonsjustert med deflator


**) Justert for utgiftsbehov

Trass auke i netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 er prioritering av barnevern framleis lågare i Klepp enn samanlikningskommunane, og betydeleg lågare enn kostragruppa.



I 2024 hadde Klepp kommune netto driftsutgifter til barnevern på 10 537 kr per innbyggjar i alderen 0-17 år. Av 336 kommunar i landet hadde berre 44 kommunar eit lågare nivå på kostnadane enn Klepp. Snittet for landet var på 15 339 kr.

Netto driftsutgifter i Klepp var med andre ord 31% under landssnittet, trass i at utgiftsbehovet i 2024 var berekna å være høgare enn snittet for landet.



Nabokommunar som Sola og Sandnes har og lågare utgifter til barnevern. Om Klepp kommune sine netto driftsutgifter hadde hatt same kostnadsnivå som kostragruppa, fylket og landet, ville ressursbruken i Klepp ha vore om lag 9-12 mill. kroner høgare i 2024.

Naudsynt endringsarbeid i barnevernet det siste året viser ei auke i driftsutgifter til saksbehandling. Dette er ei viktig prioritering for å sikre eit barnevern som arbeidar i tråd med oppvekstreforma og ny barnevernlov. Same nivå er forventa neste år og, før me går ut frå at det vil flata noko ut når nye rutinar og arbeidsprosessar er innarbeidde.

Tiltak utanfor heimen/barn plassert av barnevern, er ein kostnadsdrivande post. Auke i desse utgiftene er som forventa, så blant anna oppvekstreforma har gitt ei markant auke i eigenandel for slike tiltak. Trass auka ligg Klepp framleis betydeleg lågare enn både kostragruppa og nabokommunar. Samstundes med denne auka, er det ein betydeleg reduksjon i tiltak som vert gitt til heimebuande barn i regi av barnevernet. Dette meiner ein heng saman med endringsarbeidet i eininga, men og oppbygging og satsing på tidleg innsats innan helsestasjonstenesta og lavterskeltilbud drifta av Klepp tverrfagleg team og familieeininga. Me trur og at betre koordinering og tettare samarbeid mellom alle grunntenestene i barn og unge har ein effekt på denne indikatoren. I tråd med oppvekstreforma bør barn og familiar få tiltak i regi av andre tenester i kommunen. Dette visar seg og igjen i indikator som syner del av barn i Klepp som mottok tiltak frå barnevern. Med unntak av Time kommune brukar Klepp mindre enn dei andre kommunane me samanliknar oss med.

Auka i mottakne meldingar er ei ønska utvikling. Dette gir ei større moglegheit til å sikre at dei barn som treng tiltak frå barnevern får dette. Det er og ein indikator på eit meir synleg barnevern og eit barnevern som ein aktiv samarbeidspartnar.

Det er ein liten auke i fagutdanna per 1000 barn 0-17 år, men framleis noko under snittet i kostragruppa.

Kostra-analyse - Barnehage

Klepp 2023 Klepp 2024 Time Hå Gjesdal Kostragruppe 07

Årsmelding 2024

Prioritet

Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	192 471	200 600	207 893	209 322	221 193	223 237
---	---------	---------	---------	---------	---------	---------

Produktivitet

Barn i barnehage (antall)	1 232	1 242	1 124	1 114	757	28 548
Kommune Grunnbemanning	40,9 %	38,9 %	43,0 %	32,5 %	40,4 %	43,1 %
Barnehagelærer Andel årsverk fordelt på utdanningsbakgrunn (prosent)						
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr) *)	88,9	85,8	91,3	92,0	90,0	92,9

Kvalitet

Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	4,8	4,8	5,3	4,9	6,2	5,9
--	-----	-----	-----	-----	-----	-----

Levekår

Utgiftsbehov - Barnehage	1,146	1,179	1,131	1,132	1,201	0,998
--------------------------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Barnehagesektoren i Klepp kommune er prega av effektiv drift med relativt låge utgifter per barn samanlikna med nabokommunane. Reduserte kostnader er planlagt, og eit resultat av at me har lagt ned små barnehagar og opna Sporafjell som er ein stor barnehage. Dette legg til rette for effektiv drift. I tillegg kjem mindreforbruk grunna rekrutteringsvanskar, noko som òg har bidrege til dei låge utgiftene. Netto driftsutgifter per barn har auka frå 192 471 kroner i 2023 til 200 600 kroner i 2024, men ligg framleis lågare enn Time, Hå og Gjesdal. Samstundes har utgiftene per oppholdstime gått ned, noko som kan tyde på forbetra kostnads-kontroll. Talet på barn i barnehage har òg auka, noko som viser at tilbodet framleis er attraktivt for innbyggjarane.

Sjølv om utviklinga på fleire område er positiv, finst det nokre utfordringar som kan påverke kvaliteten på sikt. Del av barnehagelærarar har gått ned frå 40,9 % i 2023 til 38,9 % i 2024, noko som er lågare enn både nabokommunane og snittet i kostragruppa. Dette kan få konsekvensar for den pedagogiske kvaliteten og oppfølginga av barna. Mindreforbruk grunna rekrutteringsvanskar, kan gje utfordringar med å oppretthalde ønskjeleg bemanningsnivå og kompetanse i sektoren.

Når det gjeld arealutnytting, har Klepp eit leike- og opphaldsareal per barn på 4,8 m², noko som er lågare enn i fleire av dei kommunane ein samanliknar oss med. Dette må sjåast i samanheng med realiseringa av barnehagebruksplanen og framtidig behov for barnehageplassar. Auka i talet på barn i barnehage viser at det er viktig å sikre tilstrekkeleg kapasitet i tråd med utvikling i befolkninga. Det kan difor vere naudsynt å kontinuerleg vurdere barnehagestrukturen for å sikre at nye barnehageplassar blir etablerte der behovet er størst, samstundes som arealressursane blir utnytta best mogleg.

Klepp har ein barnehagedekning på 92,3 %, noko som er noko lågare enn i Time og Gjesdal, men høgare enn Hå. Det er òg verdt å merke seg at kommunen har eit høgare utgiftsbehov enn snittet i kostragruppa.

For å sikra eit godt og berekraftig barnehagetilbod framover kan det vera nyttig å styrka rekrutteringa av barnehagelærarar, vurdere tiltak for å auke barnehagedekninga og sikra at realiseringa av barnehagebruksplanen samsvarar med behov for barnehageplassar både i dag og framtida. På denne måten kan Klepp oppretthalde ei effektiv drift, samstundes som kvaliteten i barnehagetilbodet blir ivareteken.

Slik ser me framtida

Fødselstala i Klepp nådde ein topp, med 261 fødslar i 2021. Åra etter dette har vist ein svak nedgåande trend, der fødselstala i 2024 var 233. Befolkningsprognosen vår tilseier at talet på barn frå 0-1 år vil ha ei jamn auke på omlag 11,5 % frå 2024 til 2034. Dette ser ut til å stabilisera seg noko, før ein forventar ein ny auke. Same bilete, men då noko lenger framme i tid, ser me innan aldersgruppa 1-5 år. Ein vil derimot erfara større svingingar i antal barn i skulealder (6-15 år) i åra framover, då eit par prosent under dagens nivå, før det frå 2028 er venta ei ny auke mot dagens nivå i 2032.

Dette, saman med fleire eldre i befolkninga gir lågare rammetilskot og ei nasjonal forventning om at ressursar frå barn og unge vert flytta til oppfølging av eldre. Ut frå dagens prognosar betyr det at barn og unge skal gje tenester til likt antal barn, men med færre ressursar. Parallelt med dette erfarer me betydelege utfordringar i rekruttering av nødvendig kompetanse. Dette særleg innan barnehage og skule, der ein ikkje får tak i nok pedagogar.


For å møta desse utfordringane må me ikkje berre tenke nytt og kreativt i rekrutteringsprosesser, men og gjera Klepp kommune til ein endå meir attraktiv arbeidsgivar. Om ein skal fortsetta med å levera effektive tenester med kvalitet, må ein dyrka fagmiljøet i dei ulike einingane, leggja til rette for kompetanseheving og ha søkelyset retta mot eit godt arbeidsmiljø.

Helse og velferd

Beskriving av tenesteområde

- Heimetenesta og legevakt - Gir helsetenester til innbyggjarar i eigen heim. Dei har og ansvar for demenskoordinator, aktivitetssenter for heimebuande og demenslag.
- Miljøtenesta - Gir tenester til personar med funksjonsnedsettingar eller utviklingshemming. Dei har og ansvar for støttekontaktordning for barn og unge.
- Meistring og samordning - Gir tenester innan psykisk helse og rus, rehabilitering og friskliv. Omfattar og tenestekontoret som samordnar tenester på tvers av verksemdene og behandlar søknader om tenester.
- Institusjonstenesta - Institusjonstenesta består av Kleppheimen, Sirkelen og kjøkkentenesta. Det er oppretta eige kompetansesenter for demens. Institusjonstenesta gir avlastingsopphald, vekselopphald og langtidsopphald i institusjon.
- NAV - Nav Klepp-Time er eit samarbeid mellom staten og Time og Klepp kommune. Den kommunale delen av NAV behandlar søknader etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsetaten, gir tilbod om kvalifiseringsprogrammet og tilbyr gjeldsrådgiving.

Kvar verksemd har fleire underavdelingar.



Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhetsområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
301-Stab helse og velferd	39 878	43 211	47 565	4 354	9,2 %
303-Heimeteneste	91 174	87 713	88 121	408	0,5 %
304-Miljøteneste	117 785	124 600	118 308	-6 292	-5,3 %
305-Meistring og samordning	73 507	85 470	83 538	-1 932	-2,3 %
306-Institusjonsteneste	109 151	103 541	102 282	-1 259	-1,2 %
307-Nav	26 068	27 317	29 381	2 064	7,0 %
Sum	457 562	471 852	469 195	-2 657	-0,6 %

Kommentar til status økonomi

Ved årets slutt ligg helse og velferd med eit meirforbruk på kr 2,6 mill. kroner. Dei verksemdene som enda med eit meirforbruk var miljøteneste, institusjon, meistring og samordning og legetenester.

Stab helse og velferd gjekk samla sett som forventet med eit mindreforbruk som skulle dekkja opp meirforbruket ute på andre verksemdar, her har me gjort ulike korrigeringar inn mot år 2025. Legetenestene fekk eit meirforbruk på 580 000 kroner knytt til koronautgifter ved vaksinasjon, og 300 000 kroner i tapte inntekter på LIS 1 legar på grunn av færre pasientar. Det kom utgifter til gjenkjøp av

legeheimel på 600 000 kroner og ekstra utgifter knytt til ny fastlønna lege.

Flyktingtenesta ligg og under stab helse og velferd og kostnadene her blir dekt av integreringsmidler frå IMDI.

- I 2024 busette flyktingtenesta Time og Klepp i alt 200 flyktingar, 110 av desse kom til Klepp. Av dei 110 flyktingane var 60 kvinner og 50 menn. Det var 34 barn under 18 år og 7 personar over 60 år. Totalt 16 einslege vaksne utan nær familie vart busette, i tillegg til 5 familiesameinte frå Syria, som kom utanom kvoten.
- I 2024 deltok totalt 248 personar i introduksjonsprogrammet, 122 frå Time og 126 frå Klepp. Av desse avslutta 65 programmet i Klepp.
- På grunn av reduksjon i talet på flyktingar i åra framover vil det vera behov for nedbemanning i tenesta.

Heimeteneste og legevakt enda med mindreforbruk på 400 000 kroner.

Legevakta ende med eit mindreforbruk då me fekk meir i inntekter på sal dette året. Gjennom året vart det og innført tiltak for å få inn ekstra inntekter ved å halda undervisning for Universitetet i Stavanger, og inngått avtale med Kverneland legesenter om å vera vikar ved sjukdom og legemangel. Reduksjon i lønnsutgifter ved bruk av LIS 1-lege.

Det er store forskjellar på avdelingane i heimetenesta, men totalt endar dei med balanse. Mangel på vikarar og behov for innleige for å dekkja kompetansebehovet har ført til bruk av overtid. Totalt har vedtakstimar ligge nokså jamt gjennom året.

Tiltak gjennom året for å halda kostnader nede har vore:

- sjå på organisering av tenesta helseteam og omsorgsteam
- vurdera fagkompetansebehov ved nyttilsetjing
- redusera bruk av overtid med å samarbeida på tvers av avdelingar
- fokus på nærværarbeid for å redusera sjukefråværet
- utarbeida betre turnusar med fleire langvakter

Miljøtenesta fekk eit meirforbruk på kr 6,2 mill kroner, kor 3 milll. kroner er knytt til brukar på eit enkelttiltak.

Totalt har vedtakstimar ligge nokså jamt gjennom året for heile verksemda, men ein ser ei auke i timebaserte tenester, privatavlastning og støttekontakt.

Mangel på vikarar og behov for innleie for å dekkja kompetansebehovet fører til bruk av overtid. Ein har ved ulike høve måtte leiga inn frå vikarbyrå for å få tak i rett kompetanse.

Tiltak gjennom året for å halda kostnader nede har vore:

- redusera nattbemanninga ved å ta i bruk meir digital teknologi
- meir bruk av gruppetilbod både i aktivitetsenter og støttekontaktar
- samarbeid på tvers av avdelingane
- teke i bruk digital vaktbok slik at ein vil få meir oversikt over korrekt ressursbruk
- sysselsett fleire brukarar på Jæren industripartner
- meir bruk av velferdsteknologi

Meistring og samordning fekk eit meirforbruk på 1,9 mill. kroner. Det var ein auke på vedtakstimar på BPA i slutten av år 2023 som fekk heilårseffekt i 2024. Helse og velferd tilførte 3 mill. kroner i budsjettet for BPA for å dekke inn dei auka kostnadane, men me ser at dette ikkje var nok til å dekke inn auken på vedtakstimane.

Talet på vedtaksstimar i psykisk helse blei redusert, og ein mista inntekter på ressurskrevjande brukarar. Sjølv om det blei gjort endringar i turnus i år, har ein ikkje klart å redusera lønnsutgiftene tilsvarande dei tapte inntektene dette året, men inn mot 2025 vil dette vera i balanse. Mindreforbruket på nokon av avdelingane har redusert det totale meirforbruket.

Institusjon fekk eit meirforbruk på om lag 1,2 mill. kroner i slutten av året.

Institusjonstenesta har hatt eit høgt sjukefråvær og utfordringar med å skaffa nok vikarar. Ein har ved ulike høve måtte leiga inn frå vikarbyrå for å få tak i rett kompetanse, då spesielt på sommar og natt. Me har og måtta gå for ein del løysingar som medfører overtid. Det er og høgare forbruk på postar som medisinar og forbruksvarar, då prisen har auka meir enn den ordinære prisveksten budsjettet er tilført. Beleggsprosenten ved års slutt var 89,1 % på institusjon. Det har vore ledig kapasitet både på korttid og langtidsavdelingane gjennom heile året.

Me deltar i prosjekt "Samen på god vei" kor målet har vore å få til gode og effektive pasientforløp på korttidsavdelinga. Dette er eit samarbeid mellom kommunar og sjukehuset. Prosjektet viser gode resultateter og vil verta vidareført i 2025. Me måler mellom anna liggjetid, og ser her ein positiv utvikling. Gjennomsnitt liggjetid har dei siste tre årene blitt redusert frå 19,7 døgn i 2022 til 15 døgn i 2024. Klepp sine kostnader på utskrivingsklare pasienter fra SUS er på 86 000 kroner i år 2024, mens i 2023 var desse kostnadane på 1,3 mill. kroner.

Tiltak gjennom året for å halda kostnader nede har vore:

- Me har arbeidd med TØRN i heile 2024. Me har gjort ei grundig oppgåvekartlegging for å sikra at me nyttar rett kompetanse til rette oppgåver, og me har til dømes overlata serviceoppgåver til andre yrkesgrupper.
- Me har prøvd ut å tilby 100 % stillingar ved tilsetjing av nye medarbeidarar. Målet har vore å unngå innleie på langtidsfråvær i vekedagar, noko som skulle ha ein positiv effekt på dei som er på jobb. Dette har ikkje hatt den økonomiske gevinsten som me håpa på.
- Me har prøvd å tilpassa bemanninga etter belegget. Tilsette arbeider meir på tvers av avdelingar.
- Me vurderar fortløpande kva kompetanse det er behov for ved fråvær, både langtid og korttid.
- Me har fokus på nærværarbeid for å redusera sjukefråværet.
- Sirkelen har teke i bruk nytt sjukesignalanlegg og forventar å sjå ein gevinst av dette i år 2025.
- Me har innført nytt lager- og logistikksystem.

Nav fekk eit mindreforbruk i slutten av året på om lag 2 mill. kroner.

I 2024 ser me at talet på innbyggjarar som får økonomisk sosialhjelp svakt gjekk ned i løpet av året, men sosialhjelpskostnaden har auka. Forklaringa på dette vil vera nyansert, men me ser mellom anna at prosjektarbeidet med «Familiebrua», (tett kartlegging av barns behov i familiar som søker økonomisk sosialhjelp), får fram auka søknader og kostnader, til t.d. barnebursdagar, fritidsaktivitetar. Høgare


gjennomsnittsprisar på husleige og mat bidreg også til auka kostnader. Me har sett ein auke av nødhjelpssøknader, som blant anna blir forklarte av ei dyrtid og auka levekostnader. Nokon flyktningar, som har fått jobb, søker i tillegg økonomisk sosialhjelp, då lønna ikkje er tilstrekkeleg.

Når det gjeld kvalifiseringsprogrammet, har Nav eit underforbruk. I 2024 hadde me 46 deltakare i programmet. 24 deltakarar frå Klepp og 22 frå Time kommune. Til samanlikning hadde me i 2023, 53 deltakarar i programmet. Det har ikkje vore ventelister på programmet.

Når det gjeld buutgifter, har me eit mindreforbruk trass i at husleigeprisane har auka, og det er vedvarande press på leigemarknaden. NAV Klepp-Time har ikkje auka husleigesatsane, men det blir gjort unntak i enkelsaker der me ser det er behov for å auka satsen. Det blir gjort vurderingar ved NAV-kontoret, om det er formålstenleg å auka husleigesatsane. Som offentleg instans, er det viktig å vera klar over korleis dette aktivt vil påverka kriteria for konkurranse i bustadmarknaden.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Slik gikk det

Målretta arbeid for brukarnære og berekraftige tenester

Tenestekområdet arbeider for trygge, effektive og innovative helse- og velferdstenester, med samarbeid og berekraft i fokus. I løpet av 2024 har me sett ei auke i antal unike brukarar som mottok tenester, medan talet på vedtakstimar totalt sett held seg stabilt.

Fleire over 80 år bur heime og nyttar tenester på lågaste nivå i tenestetrappa. Me gir fleire pasientar rehabilitering heime gjennom ambulerande team og kvardagsrehabilitering. Bruken av private avlastningstilbod, BPA og støttetekontakt har auka. Me har fått fleire i arbeid og aktivitet i Miljøtenesta. Me har etablert nye sosiale møteplassar, som på Fredheim og Kleppetunet.

Me har sett ned ei arbeidsgruppe på tvers av verksemdene som arbeidar systematisk med pårørandearbeid. Pårørandeundersøkinga *Ivaretatt* er tatt i bruk som del av forbetningsarbeid.

Det er oppretta ei arbeidsgruppe for å sikre “bu trygt heime” reforma.

Organisatoriske tiltak

Me har inngått kontrakt med Jæren industripartner om vaskeritenester, me har auka andel heiltidsstillingar ved å auka bruken av langvakter og årsturnus, og me har fått inn nye yrkesgrupper som bidreg til at oppgåvar blir løyst av tilsette med rett kompetanse.

Digitalisering og velferdsteknologi

Me har prioritert digitalisering med oppgradering av sjukesignalanlegg på Sirkelen, teke i bruk digitalt nattslys og tryggleiksteknologi for heimebuande.

Integrering og sysselsetjing av flyktningar

Me har busett 110 flyktningar og hatt fem familiegjenforeiningar. 42,2 % av dei med flyktningstatus er i arbeid.

Klepp er ein av dei kommunane i Rogaland med lågast arbeidsløyse i 2024.

Status politiske vedtak

Vedtak Kommunestyret

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Kommunestyret ber om en sak hvor administrasjonen beskriver dagens boligpolitikk.		Iht. plan	Ein arbeidar med å samla bustadpolitikken i kommunen, og vil leggja fram ei sak om dette i 2025.

Status oppdrag

Planoppfølging

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Implementere pårørendestrategien i alle verksemdar.	Helse og velferd skal jobbe målretta i henhold til pårørandestrategien, og vil det neste året: • utarbeide rutiner for å oppdage å følge opp pårørande i og mellom tenestane • utvikle felles haldningar og verdiar i møte med pårørande • ha tydelig og tilgjengelig informasjon til pårørande	Iht. plan	I 2024 blei det oppretta ei arbeidsgruppe for pårørandearbeid på tvers av verksemdene, formålet er å forbetre praksis i samhandling med pårørande. Helse og velferd inviterte for første gong til nasjonal pårørandekonferanse i 2024, og dette vil me vidareføra. Me har òg gjennomført fleire treffpunkt med pårørande, som samtalegrupper for pårørande til personar med demens og kreft, ulike pårørandeutval og pårørandemøte. Me har tatt i bruk den nasjonale pårørandeundersøkinga <i>Ivaretatt</i> og brukar resultatane aktivt i forbetringsarbeidet vårt. Etiske refleksjonar om haldningar og verdiar i møte med pårørande er innført. Dette blir gjennomført i samarbeid med prest og ved bruk av samtaleboksen <i>Fuelbox</i>.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Leggja til rette for at flest mogleg er økonomisk sjølvhjulpne	• Nav jobbar kontinuerleg med å få flest mogleg i ordinært eller tilrettelagt arbeid. • NAV jobbar kontinuerleg med å redusera antal langtidsmottakara av sosialhjelp, og å sikra folk eit forsvarleg livsopphold. • NAV jobbar kontinuerleg med å gi unge moglegheitar i arbeidslivet.	Iht. plan	Klepp er ein av dei kommunane i Rogaland med lågast arbeidsløyse i 2024. I desember 2024 hadde både Klepp og Time kommune 1,4 % av arbeidsstyrken helt uten arbeid. Samlet tall for Rogaland, er 1,8 %. Me arbeidar aktivt med å gi økonomisk tryggleik og hjelpe folk over i arbeid eller annan aktivitet. Viktigaste verkemiddel for å få innbyggjarar økonomisk sjølvhjulpne er å leggja til rette for inkluderande samfunn, inkluderande arbeidsliv og eit velfungerande arbeidsmarknad. Me arbeider aktivt med å gi arbeidsretta oppfølging til arbeidssøkjarar, med mål om at fleire skal komme i jobb eller anna aktivitet, som til dømes arbeidsretta tiltak eller kurs. Økonomisk sosialhjelp kan og bidra til at innbyggjarar kan leva eit sjølvstendig liv, delta i samfunnet og kome i arbeid eller annan aktivitet. I 2024 ser me at antal innbyggjarar som mottek sosialhjelp har hatt ei svak nedgang, mens sosialhjelps kostnadane har auka. Høgare gjennomsnittsprisar som til døme auka husleige og matpriser bidreg til auke i kostnadane.
Sikre eigna og gode buforhold til innbyggjarar med særskilte behov på bustadmarknaden	<u>Rett bustad til rett tid:</u> I tråd med innsatstrappa skal Klepp kommune kunne tilby bustad til dei som treng det. • Dei planlagte bustadene i bustad og institusjonsplan realiseres i perioden. • Helse og velferd skal saman med Eiendom utvikle ulike bustadkonsept for omsorgsbustader og seniorbustader. • Etablere akutte midlertidige boliger for dei som ikkje kan benytta seg av andre tilbod. • Legga tilrette for at den enkelte kan bu trygt heime.	Iht. plan	Det har vore gjennomført fleire tiltak for å styrke bustadtilbodet. Me deltek i planarbeid for etablering av seniorbustadar og småhus. I 2024 har me omgjort alle 31 leilegheitene på Kleppetunet til omsorgsbustader. Det er vedtatt nye kriterium for tildeling av desse bustadane. Det er starta eit arbeid med å forme eit seniortilbod på Kleppetunet for innbyggjarar i Klepp. Dette arbeidet er i samarbeid med kulturavdelinga og frivillige. Det er utarbeidd retningslinjer for bruk av treningsleilegheit for personar med låge buevne. Bustadkontor har tatt i bruk nytt digitalt verktøy (KOBO) for å gi betre oversikt over søkjarar, bustadar og leigetakarar. Det er oppretta tverrsektoriell arbeidsgruppe som arbeider med å sikre iverksetting av tiltak knytta til "Bu trygt heime reforma". Me har utvida hjelpemiddellager på Tu, med åpningstid for innbyggere. Totalt er det utlevert 4421 hjelpemidler og innlevert 1560 hjelpemidler i løpet av året.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
